

Plankontoret Hallvard Homme AS

Til alle naboar
Offentlege organ,
Andre

Valle den 8. juli 2021
2073

Varsel om oppstart av planarbeid, detaljregulering, Basstogdalen i Bykle kommune, planID 202102, del av g. nr. 3, br. nr. 6.

På vegner av AS Sætersdalen startar **Plankontoret Hallvard Homme AS** opp arbeid med privat forslag til detaljregulering for delar av g. nr. 3, br. nr. 6, Basstogdalen, planid 202102, jfr. Pbl §§ 12-3 og 12-8. På same tid vert det varsla oppstart av forhandlingar om Utbyggingsavtale etter Pbl§ 17-4.



Forslag til planavgrensing er vist på kartutsnittet nedanfor. I kommuneplanen er området avsett som teig BFR21 og kommuneplanen legg opp til at det vert tilkomst frå nabofeltet til Sondov Bjåen, planid 200303. Det vert lagt til grunn bruk av eksisterande nedlagt Rv9 med steinbogebru over Auvervassåne. Forslagsstillar er tvilande til om det er ei god løysing, i og med at denne brua er eit viktig vegkulturminne og det er oppretta rasteplass tett inntil brua/vegen. Brua vil neppe ha kapasitet eller styrke til å tola denne utvida bruk. Forslagsstillar vurderer det som ei betre løysing, totalt sett, med tilkomst via gamal nedlagt Rv9-vegsløyfe sør for brua, så langt sør som det er nødvendig for å få akseptable siktforhold nordover, ca. 150 m. Spørsmål om avkøyringspunkt vil verta avklart undervegs i prosessen og plangrensa vil verte justeret i høve til avklaringa. Statens Vegvesen er i ferd med å regulere ny Rv9 forbi planområdet og plangrense-forslaget er samordna med SVV. Dersom løysinga vert å gå for Alt. B, sjå nedanfor, skal dette tilkomstalternativet konsekvensutgreiast i høve til villreintrekkruta.

Føremålet med planen er å legge til rette for eit nytt område for hyttebygging i tråd med sist revidert kommuneplan og «Midtregionplanen». Det er halde oppstartsmøte om planinitiativet og det er gjeve klarsignal for oppstart av planarbeid. Det er avklara at arbeidet ikkje utløyser krav til KU, jfr. forskrift om KU, §§ 6 og 8 dersom tilkomsten er i samsvar med KP. Skal ny tilkomst etablerast sør for Auvervassåne må dette KU-vurderast i høve til villreintrekket avsett i KP. Ras- og flaumproblematikken vert avklara i planprosessen. Moglege merknadar, opplysningar m.vsom kan ha noko å seie for planarbeidet kan meldast innan 27. august 2021 til: **Plankontoret Hallvard Homme AS**, post@plankontoret.no, eller Postboks 64, 4746 Valle. Spørsmål kan rettast til Hallvard på 379 37000 eller 959 37000. Varslinga er kunngjort i Fædrelandsvennen og på Bykle kommune sin heimeside.


Med helsing
For Plankontoret Hallvard Homme AS
Hallvard Homme

Vedlegg:



- Utdrag av kommuneplanen + plangrensekart



Utdrag av kommuneplanen




Trekkzone for villrein vist med skravur ////




Steinbogebru

- A – avkøyringspunkt i høve til KP
- B – forslagsstillars ønske om avkøyring

Utdrag av plangrensekartet



Plankontoret Hallvard Homme AS



Plangrense innteikna på kommuneplankartet

